

Velkomen som konfirmant i Stord kyrkje

Neste år kan du feira din konfirmasjonsdag i kyrkja! Velkomen som konfirmant i Stord kyrkje! Me gler oss til å bli kjent med deg!

Kva er konfirmasjon?

Ordet konfirmasjon tyrder både «å stadfesta» og «å gjera sterkt».

I konfirmasjonstida får du vera ein del av eit fellesskap og bli betre kjent med den kristne trua. Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja; både du som trur, tvilar, er usikker, ikkje trur eller ikkje har tenkt på sånt eller er nysgjerrig.

Kva skjer i løpet av eit konfirmantår?

Konfirmantåret startar i august med presentasjonsgudsteneste og blir avslutta med konfirmasjonsgudsteneste i mai. I løpet av året blir det ulike samlingar i kyrkja, gudstenester og fasteaksjon.

- Samlingar i grupper

Konfirmantane vil møta til samlingar gjennom året. Desse samlingane vert i grupper. På desse samlingane vil me saman utforska ulike tema om tru, verda og deg sjølv. På informasjonsmøte vil det vera meir informasjon om korleis gruppene vert organisert. Her vil ein og få informasjon om dagar og tidspunkt for dei ulike gruppene.

- Gudstenester

Gjennom året tek konfirmantane del i gudstenester i kyrkjene våre, mellom anna presentasjonsgudsteneste og lysmesse. Konfirmantane må og delta på ein del gudstenester som dei vel sjølv når dei går på.

- Fasteaksjon

Neste vår skal me i samarbeid med Kirkens Nødhjelp delta på fasteaksjon. Dette er ein landsomfattande innsamlingsaksjon som konfirmantar over heile landet deltek i.



Konfirmasjon for alle

Alle menneske er ulike. Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid. Om du har behov for tilrettelegging , ta kontakt med kyrkjelydspedagog Ingvild Baugstø Almås tlf. 997 85 312. Saman finn me ut korleis me kan gi deg det beste tilbodet.



Konfirmasjon og dåp

Er du ikkje døypt og lurar på om du kan vera konfirmant i kyrkja? Sjølv sagt kan du det! Men sidan dåp er ein føresetnad for å vera med på sjølve konfirmasjonsgudstenesta vil du få tilbod om å bli døypt undervegs i konfirmantåret.



Konfirmasjonsdato

Sjølve konfirmasjonsdatoen blir bestemt etter at alle konfirmantane har meldt seg inn. Datoen vil vera klar i juni, og de vil få informasjon om dato for konfirmasjon før skulen tek ferie. Konfirmasjonane vert på tvers av grupper og skular.

Kostnad.

Det kostar 1500 kr å vera med på konfirmantopplegget i kyrkja. Det er høve til å søkja støtte for å få dekkja kostnad om det er behov for det.

Påmelding og innskriving

PÅMELDING: Gå inn på www.kyrkjastord.no og meld deg på. Påmeldingsfrist: søndag 4.juni

INNSKRIVING: Det er informasjonsmøte og innskriving i Stord kyrkje. Møtet er for konfirmantar og føresette. Hugs å ta med innskrivingsarket.

31. mai kl 17.00 i Stord kyrkje for Stord ungdomsskulekrins

31. mai kl 18.00 i Stord kyrkje for Nordbygdo ungdomsskulekrins

Du må **BÅDE** melda deg via heimesida, og skriva deg inn ved å møta til innskrivingsmøte.

Ta gjerne kontakt med kyrjekontoret om de har spørsmål.

Venleg helsing Stord kyrkjelyd v/ konfirmantleiarane

Innskriving

KONFIRMANT✝

Fyll ut dette arket og ta med på informasjonsmøtet i kyrkja 31. mai.

Fullt namn _____

Skule _____

Namn føresette _____

Telefon føresette _____

Når du melder deg på som konfirmant, seier du ja til å vera med på det opplegget me har laga for deg. Det gjeld samlingar, gudstensester og andre arrangement. For at opplegget vårt skal fungera for alle, er det viktig at ein oppfører seg slik at det er greit for alle å vera på samlingane våre. Det er viktig at konfirmant-opplegget vert prioritert.

Velkommen til ei kjekk tid i Stord kyrkje!

EG vil vera konfirmant i Stord kyrkje:

Underskrift konfirmant _____

Underskrift føresette _____

NB: Dette er ikkje ei påmelding. Påmelding gjer du på kyrkjastord.no